

Lauving



MEKTIGE LANGFOSS

LANGFOSS sedd frå Mosnes kring 1930-åra. Med ei fallhøgde på 612 meter er Langfoss det femte høgaste fossefallet i Noreg. I vår tid stoppar om lag 300 000 vegfarande kvart år for å få med seg denne opplevinga. Tidlegare var utsikta mot fossen for dei få. På biletet ein av slitets kvinner i slåtten på ei hylle over Åkrafjorden. (Foto: Alf Adriansen)

HØGTVEKSANDE BARLIND

Tre kilometer nedanfor Vintertun munnar den tronge og bratte LANGEHUDALEN ut i Sjørdalen. I Langebudalen finst eit av dei høgastliggjande funna av barlind i Nord-Europa. Dalen har gunstig lokalklima, med god oppvarming og vern mot kjølig vind frå nord og aust. Dei store bergmassane av granitt verkar dessutan som eit varmemagasin, som vernar mot nattefrost.

Barlindtrær i Langebudalen er å finna 550 til 600 mob. Det er uvanleg høgt for dette treslaget, som normalt krev relativt varme somrar og milde vintrar. I vegetasjonen elles er det ingen typiske varmekrevjande lauvskogartar. I staden finn vi ei rad kystplanter, som er vanlege i næringsfattig skog og hei, til dømes bjørnkam, beisiv, kystmaure, smørtelg, rome og klokkeløyg.

Barlinda kan veksa meir enn ti meter oppover langs berget, greinene blir sjeldan over to meter lange. Ho er fleirstamma og kjem opp frå stammer som kryp på bakken - ei tilpassing til eit tjukt og stabilt snødekke.



Frå busdyra kom til landet for om lag 5000 år sidan, og i lange tider framover, var lauv det viktigaste vinterfôret. Før ljåen kom i bruk tidleg i jernalderen, var det meir lett vint å bryta kvister med lauv enn å hausta gras. Gras var det dessutan rikeleg av berre på opne stader, til dømes langs vatn og vassdrag. Lauvinga heldt fram langt inn i vår eiga tid og har sett spor etter seg over store delar av fylket.

Lauvingsskogen vart hausta på ulike vis. Nokre treslag, spesielt or, vart hogde ved rota med nokre års mellomrom. Dei danna straks mange nye rotskot. Sidan dei friske blada er heller beiske, fekk dei stå i fred for beitedyra. Ved stadig kultivering danna oretrea kratt eller småskog i landskapet. Bjørk og osp vart gjerne tynna i krona med fire til sju års mellomrom. Desse trea vart ståande som storskog eller kløvskog. Dei greinene som stod att, vart skorpe, slik at det kom ut mange nye kvister på dei. Den beste förverdien har lauvet til alm, lind, ask og selje. Saman med det næringsrike ospelaudet høyrde desse trea til godskogen. Ask kunne òg førebyggja sjukdom, ifølgje folketrua. I Hordaland vart godskogen ofte snauhogd for greiner 2-3 meter over bakken, slik at berre stamma (stuvun) stod att. Det kravde eit godt skjøn for å utføra arbeidet, slik at det voks fram flest mogleg nye skot på kortast mogleg tid.

Lauvingsskogane var lyse og opne med gode vekstvilkår for både trekrone og gras. Bakken vart oftast beita vår og haust og slått om sommaren. Dei bratte liene hadde eit parkliknande landskap med parti av småskog og spreidde stugar eller storskog. Mykje næringsstoff vart gjennom åra teke ut frå liene og enda som husdyrprodukt eller vintergjødsel på åkrane. Marka vart ikkje tilført anna gjødsel enn det som beitedyra la att.

Lauving er omtala alt i Gulatingslova. Skrifter frå 1700- og 1800-talet viser kor viktig lauvving, skaving (barking av kvist) og rising (hausting av kvister utan blad) var i vestlandsbygdene. Talet på stugar talde med i skattegrunnlaget. I Etne vart til dømes Norheim i Stordalen rekna som ein storgard, på grunn av alle styvingstrea her.

Alle stader var framgangsmåtane stivna i eit fast mønster, eit vitnemål om at driftsmåtane er svært gamle. Den spesielle lauvingsreiskapen, snidl (lauvkniv), var utvikla i vikingtida.



Gjerdsmetten likar seg særleg godt i frodig lauvskog og veit å setja pris på kvisthaugar etter at det har vore gjort arbeid i skogen. (Stig Tronvold)

Det er framleis spor att etter lauvving i liene i Hordaland. Gamle stugar er vanlege både i skog og på kulturmark, men oftast er det meir enn 30 år sidan greinene sist vart hausta. Trea har no fått så tunge kroner at dei har lett for å velta eller rivna. Nokre få stader laubar dei enno, mellom anna fordi dei meiner at lauvfôret gir dyra betre helse.

I Etne finst det styvingstrea i nesten alle delar av kommunen. Mange gardsbruk har òg fått landbruksstøtte for å restaurera gamle stugar, særleg i Stordalen. Ved Sævareidberget i Ytre Åkrafjorden vart eit område landskapsvernområde i 1984. Her finst det mosegrodde og forvridde stugar med mange former. Målet med fredinga er å ta vare på det gamle kulturlandskapet med mange hundre styvingstrea av ask, alm og lind. Mykje arbeid står att. Mange stugar er svært overgrodde. Det er eit vanskeleg og farleg arbeid å gå laus på dei tunge greinene med motorsag i det bratte terrenget.

Styving av gammalt asketre. Etter mange års pleie fekk styvingstrea kraftige stammer med kroner av mange små og tynne greiner, som eit bustebovud.

